

Avhandling: Den opne løyndomen. Homografiske lesingar i Åsmund Sveens forfattarskap

Per Esben Myren-Svelstad

(f. 1987) Universitetslektor i allmenn litteraturvitenskap ved NTNU i Trondheim. Disputerte 21.4.2017 på avhandlinga *Den opne løyndomen. Homografiske lesingar i Åsmund Sveens forfattarskap*. Siste artikkel: «Livet i vald: Antisolidarisk vitalisme i nokre dikt av Åsmund Sveen», i *lambda nordica* (1), 2017.

Disputas: 21. april 2017

Rettleiarar: Britt Andersen, professor (NTNU); Dag Heede, lektor, ph.d. (Syddansk Universitet)

Å prata om homoseksualitet har ofte vore tabu; ein alluderer til det i staden for å uttrykkja seg direkte. Når me pratar om allusjonar, er me inne på litteraturvitenskapens område – faget vårt har verktøy for å seia noko om korleis det som ikkje kan seiast direkte, likevel kjem til uttrykk. I avhandlinga *Den opne løyndomen* undersøker eg dei utgjevne verka til lyrikaren, romanforfattaren og avisskribenten Åsmund Sveen (1910–1963) kronologisk. Sveen debuterte i 1932 med diktsamlinga *Andletet*, og før den tyske invasjonen skulle endå tre diktsamlingar og éin roman bli utgjevne. I løpet av krigen var han aktiv i Nasjonal Samling, som teaterdirektør og propagandaskribent. Delvis på grunn av at dette gjorde han svært upopulær i det litterære miljøet, fekk han ikkje gjeve ut fleire nyskrivne diktsamlingar i si levetid. To bøker kom posthumt.

I avhandlinga tek eg utgangspunkt i at Sveens dikt ofte blir lesne som skildringar av kjærleik og erotikk mellom menn, trass i at dette svært sjeldan blir uttrykt direkte. Eg er nysgjerrig på korleis og kvifor me les skildringar av det som ikkje er skildra med reine ord, inn i litteraturen. For å utforske dette når det gjeld Åsmund Sveens verk, set eg opp to problemstillingar. For det fyrste: Korleis tematiserer og skildrar Sveen kjønn og seksualitet, særleg den likekjønna kjærleiken som var eit kontroversielt tema i samtida? For det andre: I kva grad er det rimeleg og fruktbart for lesingane å trekkja inn historisk-biografiske element?

Sveens verk vart lese med vekt på seksualitetstemaet sidan starten – heilt frå dei fyrste bokmeldingane og dei fyrste omtalene i litteraturhistorieverk. Men der òg blir temaet alludert til gjennom omskrivingar og innforståtte termar – så som «den annen pubertetskrise» og «avvikervisshet». Eg argumenterer gjennomgåande for at dette kjenneteiknar måten homoseksualitet blir omtala på generelt i dei fyrste tiåra av 1900-talet. For å analysere dette

utviklar eg ei teoretisk tilnærming til forfattarskapen tiltenkt å fange opp nettopp dette trekket: at homoseksualitet blir meir og meir synleg som eit fenomen som på den eine sida må diskuterast, analyserast og definerast i lovverk, medisin og politikk. Men på den andre sida må det helst ikkje nemnast for ofte, og helst ikkje direkte, på grunn av ei heilt konkret frykt for at dersom fenomenet blir kjent, vil det føre til at fleire (born) *blir* homoseksuelle. Eg opererer med ein *desentralisert* forfattarmodell, der eg ser Sveens liv og levetid som ein faktor som avgjer kva for ein kontekst me kan lesa tekstene inn i. Eg utviklar omgrepet *homografiske markørar* for element i ei tekst som *potensielt* tyder homoseksualitet, men også potensielt *ikkje* tyder det. Dette er inspirert av det lingvistiske omgrepet «homograf» for ord som har lik skrivemåte, men ulik tyding. Eg argumenterer for at nettopp det at desse markørane er tvitydige og indirekte, er med på å skapa ein *effekt* av homoseksualitet i teksta. Det fleirtydige er altså homoseksualitetens «kode» i tydinga «språkssystem». Denne koden er ein måte å bruke språket på der unnvikingar, allusjonar og utelatingar i den aktuelle konteksten *er* homoseksualitetens primære språk. Her er det altså ikkje prat om å «avkode» ei tekst for å vise kva som «eigentleg» er meint, men om å framheve det fleirtydige som noko som nettopp skaper ei homografisk tekst. At Sveens hovudsjanger er lyrikken, er viktig, i og med at lyrikken er knytt til det symboltunge og gåtefulle. Slik ser eg skjønnlitteraturen som ein «fjerde diskurs» ved sida av jusen, medisinen og religionen, med ein eigen måte å omtala seksualitet på.

For å forstå den diskursive konstruksjonen av homoseksualitet, er ei kontekstuell forståingsramme viktig. I avhandlinga fokuserer eg på to hovudtema. Det fyrste er definisjonar av homoseksualitet på det tidlege norske 1900-talet. Straffelovs § 213 blir innført i 1905, og jussen og medisinen inngår det eg kallar ein «uheilag allianse» overfor det gamle hegemoniet kyrkja hadde i seksualitetsspørsmål. Det andre hovudtemaet i kapittelet er tenking om seksualitet og kjønn med vekt på det tidlege 1900-talets *vitalisme*. Vitalismen, trua på at alle levande organismar har ei ibuande livskraft som styrer utviklinga, er ein idé som informerte såpass ulike fenomen som eugenikken, kvinnerørslas kamp mot korsettet og dei mange framstillingane av sterke og potensielt homoerotiske mannekroppar i målar-kunsten på denne tida. Sveens verk har ofte vorte omtala som vitalistisk, men det er få som i tilknytning til Sveen har utforska den potensielle konflikten mellom eit *tankegods* som privilegerer livskraft og formeiring og ei form for *erotikk* som i samtida vart omtala som «degenerert» og «samfunnsnedbrytande». Dessutan er det få som har framheva samanfallet mellom vitalismen og *austlege religionar*. På 1900-talet blir europeiske kunstnarar og intellektuelle, og i høg grad Sveen, påverka av austleg mystisisme, som har store lik-skapstrekk med vitalistiske idéar. I den tidlege engelske humorørsla rekna dei homoseksuelle seg som særskilt spirituelt gåverike. Når me då veit at Sveen på 1930-talet vanka i det sufistiske miljøet i Oslo, er det all grunn til å leite etter samanfallet mellom det spirituelle og det homoerotiske.

Dette samanfallet er enno ikkje synleg i debutsamlinga til Sveen, *Andletet* (1932). Eg les denne samlinga som eit narrativt langdikt, ein slags odysse, der ein ung mann legg ut på oppdagingsferd berre for å oppdaga, som det heiter i eit dikt, at «mitt liv er liding». Det er ei symbolsk skildring av ei pubertal oppvakning der det lyriske subjektet blir stengt ute frå sola og det livgjevande. Det gjennomgåande skuggemotivet i denne samlinga markerer ei marginalisering frå vitalismens sol- og fruktbarheitsdyrking. Samtidig overlappar skugge-

motivet med eit anna leiemotiv: ein *dobbeltgjengar*, noko som særleg blir tydeleg i det lange diktet «Guten låg i graset». Dobbeltgjengaren er ein konvensjon frå gotisk litteratur som opnar for ei homografisk tolking. Han skaper eit inntrykk av paranoia og forfylging, men alluderer òg til psykoanalysens tankar om homoseksuell narsissisme.

Dei to samlingane *Jordelden* og *Eros syng*, frå 1933 og 1935, representerer ei gradvis utvikling mot det åndelege, og mot forsoning. Austleg religion, og då særleg islamsk mystikk, representerer i desse samlingane ei moglegheit for harmoni. Samtidig finst det òg ein tendens her til å gå i rette med den kristne kyrkjjas forståing av synd. Vitalistiske motiv blir her brukt som del av ein motdiskurs, der naturen og livskrafta blir symbol for at alle typar kjærleik har ein plass i det naturlege og fruktbare. Dette å innlemme det likekjønna i naturen er eit vanleg motiv i mellomkrigstidas homolitteratur. I desse bøkene kjem dette særleg fram i diktet «Dagdraumen» frå *Jordelden* og titteldiktet «Eros syng» frå den samlinga.

Eit nytt element kjem inn i forfattarskapen med romanen *Svartjord* frå 1937. Det som skulle bli Sveens fyrste og einaste roman, er ei realistisk skildring av gardslivet på dei hedmarkske flatbygdene under det ein kallar «det store hamskiftet» på 1880-talet. Det pågår store sosioøkonomiske endringar, med framveksten av salsøkonomien, modernisering av kommunikasjonsmiddel og større moglegheiter for å arbeide seg opp frå låge kår. Hovudplotet i romanen handlar om gardsguten Tore Ås, som forelskar seg i tenestejenta Sille. Båe arbeider ved den rike garden Svartjord, som er på full fart ned i forfallet. Sille og særleg Tore representerer livskraftige unnataksmenneske som unngår forfallet og startar eit nytt liv ved å rydde seg ein ny gard. I romanen er det eit interessant subplot med den dekadente huslæraren og diktarsjela Paul Gløersen, som er trulova med den eine dottera på Svartjord, Synnøve. Synnøve tek livet sitt mot slutten av romanen. Ho og Paul representerer ein dekadent kontrast til Tore og Sille. I tillegg til å tolke forholdet mellom Paul og Synnøve homografisk, som ein allegori for eit homoseksuelt par, understrekar eg at kontrasten mellom desse parkonstellasjonane peiker fram mot eit *sjølvpiskingsmotiv* i forfattarskapen. Paul Gløersen kan lesast som Sveens representant i romanen, og han verkar aldri å nå fram til den vitaliteten som Tore representerer. Motivet med eit «avvikande» individ som ser opp til dei vitale, skal koma att i fleire andre tekster.

I Sveens fjerde diktsamling, *Såmannen* blir dette motivet aktuelt. Meir enn nokon andre av Sveens lyriske verk set denne diktsamlinga problemet med den homofilt sambuande nazisten på spissen. *Såmannen* kom ut den 8. april 1940 – dagen før den tyske invasjonen, og få månader før Sveen skulle melde seg inn i Nasjonal Samling. Her finst blant anna det svulstige diktet «Til dei unge menn», som av andre fortolkarar har vorte lese *både* som ein homoerotisk, Walt Whitman-inspirert ode til idealiserte, unge menn, og som ei fascistisk skildring av korleis den kvite mannen skal byggje eit nytt og etnisk reint samfunn. At båe tendensane kan lesast inn i diktet, har ført til at andre forskarar har sett det homoerotiske og det fascistiske som gjensidig avhengige. Dette er ein type lesing som skriv seg frå den populistiske myten at homoseksuelle skulle vera ekstra disponerte for å bli nazistar. Denne myten har vorte formulert mange gonger, og figurerer òg i anna forskning på Sveens forfattarskap. Eg argumenterer mot slike homonegative fortolkingar ved igjen å trekkje inn konteksten: Eit dikt kan tyde ulike ting i ulike samanhengar. «Til dei unge menn» står ikkje berre i *Såmannen*; Sveen tok også med diktet i antologien *Norsk ånd og vilje* (1942), som han redigerte på oppdrag frå Gulbrand Lunde, Quislings fyrste kulturminister. Eg hevdar

at diktet rimelegvis kan fortolkast på ulike måtar innanfor den sterkt religiøse diktsamlinga *Såmannen* og i den nazistiske antologien *Norsk ånd og vilje*, der han altså tok med sitt eige dikt som eksempel på normativt nasjonal kunst. Slik hevdar eg at det nazistiske manndomsidealet er så hyperbolsk at det alltid risikerer å bikke over i det homoerotiske. På denne tida – som i vår tid – er det ikkje vasstette skott mellom ei manndomsdyrking som framhevar maskulin styrke og formeiringsvilje, og ei manndomsdyrking med homoerotisk islett. Skræmebiletet av den homoseksuelle nazisten, som altså òg har prega Sveen-resepsjonen, er med andre ord eit resultat av homoseksualitetens definisjonskrise. I dette kapitlet knyter eg altså Sveens nazisme til eksisterande forskning på nazisme og homoseksualitet. På den måten vil eg få fram kompleksiteten i Sveens politiske overtiding, slik den kjem til uttrykk i både skjønnlitterære tekster og sakprosatetekster.

Dei siste utgjevingane til Sveen er dei posthume samlingane *Brunnen* (1963) og *Tone-mesteren* (1966). Her er han på sitt mest eksperimentelle og modernistiske med svært fleirtydige prosadikt. I desse samlingane hentar Sveen inn ei rad motiv frå så ulike religiøse kjelder som austleg mystisisme, norsk folketru og egyptisk oldtidsreligion. Samlingane markerer ein kulminasjon av dei tema Sveen er oppteken av gjennom forfattarskapen: åndelegheit, fangenskap og kunst. Dette er metapoetiske diktsamlingar. Det er såleis lett å lesa dei som uttrykk for frustrasjonen med å ikkje få gjeve ut dikt etter landssvikdommen. Me har å gjera med Sveens mest komplekse diktsamlingar, der vilkåret for å skapa kunst ofte blir skildra som tett knytt til fangenskap og vald. Både den *homoseksuelles* marginalisering og *landssvikarens* straff er mogleg å lesa inn i dikta – og i ei tid då den homoseksuelle nettopp var framstilt som eit trugsmål mot nasjonen, er det ikkje alltid mogleg å skilja desse to aspekta.

Slik plasserer eg avhandlinga i den *antisosiale* vendinga i queerforskinga, der negative affektar, dødsdrift og sorg blir rekna som verdifulle trekk ved homolitteraturen. Noko av det store med Sveens verk er at han eksponerer konsekvensane av samtidige marginaliserande diskursar og set dei om i skrekkvisjonar og dysterheit. Men slik framstår verket òg som ein mogleg protest mot delar av 1900-talets homoseksualitetsdefinisjonar.